



Nils Andre Kolås
Kolåsvegen 133
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5285 - 20/13751

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:
10.03.2020

Tilbakemelding om mangler

Tiltak: Nytt driftsbygg
Byggjestad: Gbnr: 107/2
Tiltakshavar: Nils Andre Kolås
Ansvarleg
søklar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.02.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Informasjon om gjødselskum; plassering over eller under bakkenivå og produktspesifikasjon på kum, samt dimensjon.
2. Informasjon om BYA (bebygd areal) og grad av utnytting, sjå søknadsskjema s. 1 under «Areal» og «Grad av utnytting».
3. Driftsbygg må plasseres i situasjonskart som er målsatt. Vedlagt følger nytt situasjonskart.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.03.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er

kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar
Plan og byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart

Mottakarar:

Nils Andre Kolås

Kolåsvegen 133 5955

LINDÅS